

FNF Sogn og Fjordane plattform:

Natur- og klimautfordringar i Vestland, Sogn og Fjordane i høve arealbruk, energipolitikk og utbygging av fornybar energi.

Utbygging av ny fornybar energi er eit satsingsområde for våre mynde.

Samstundes har riksrevisjonen slått fast at arealbruken ikkje er berekraftig.

FNF sin rolle er å ivareta natur- og friluftslivsinteressene i alle typer arealsaker. Energisektoren er stadig årsak til reduksjon av areal med inngrepsfri natur. FNF vil verne om område som er viktige for jakt, fiske, friluftsliv og biologisk mangfald.

NVE har lagt fram forslag til Nasjonal ramme for vindkraft på land for OED. Regjeringa manglar ei samla plan for energipolitikk inn i det grønne skiftet.

Tap av natur og klima i endring: FNF-organisasjonane er einige om at:

- Klimautfordringane må takast på alvor, og satsing på fornybar energi er viktig. Samstundes er tap av artar og naturtypar alvorleg høgt og veks raskt.

Utvikling av ny fornybar energi må såleis kombinere klimaomsyn med ivaretaking av naturmiljø og naturmangfald, med dette også område for friluftsliv.

- Ved all utbygging av ny fornybar kraft skal det ligge føre eit oppdatert kunnskapsgrunnlag som vert vektlagt og sikrer at omsyn til naturgrunnlag, jakt, fiske og friluftsliv blir ivaretatt.

- Ny satsing på fornybar kraftutbygging skal vidare ikkje leggast til større samanhengande naturområde eller viktige område for friluftsliv, jakt- og fiske og ikkje lokalisert til villreinen sine leveområde. Utarming av naturgrunnlaget som leveområde for flora og fauna skal unngåast.

- Ved utbygging av ny fornybar kraft med tilhøyrande kraftlinjer skal det leggast vekt på å minimalisere naturinngrep og det skal leggast vekt på gode og fungerande kompenserte tiltak. Avbøte, restaurere og kompensera. Tiltaka skal vere mest mogleg arealnøytrale.

Vasskraft: FNF-organisasjonane er einige om at:

- All vidare vasskraftutbygging må skje på ein måte som tek i vare omsyn til naturmangfald, utøving av jakt, fiske og anna friluftsliv, som minimaliserer inngrep og som sikrar god økologisk tilstand i vassdraga jamføre vassforskrifta.

- At det leggast til rette for å gjennomføre ein lønsam oppgradering av eksisterande kraftverk

- Gjennom vilkårsrevisjonar må det leggast til rette for reelle betra miljøvilkår, med

krav om minstevassføring og krav om nedrampingstider ved opp-/nedkøyring av kraftverka.

o FNF føl opp kva for vassdrag som kan takast opp til revisjon.

o Organisasjonane må prioritere kva for revisjonssaker som bør følgjes opp.

- Motivere organisasjonane til deltaking i revisjon av de regionale vassforvaltningsplanane og iverksetting av vedtekne tiltak. Minne om deltaking i lokale tema og referansegrupper.

Vindkraft: FNF-organisasjonane er einige om at:

- det ikkje skal opnast for fleire landbaserte vindkraftverk i norsk natur.

- for dei landbaserte vindkraftverka som har fått konsesjon må det gjennomførast nye konsekvensutredningar for å sikre at omsynet til naturgrunnlaget og friluftslivet, inkl jakt og fiske ivaretakast.

FNF i Sogn og Fjordane krev at naturen sin eigenverdi må gis langt større vekt i konflikstar om bruk av areal. Utbygging av fornybar energi må skje på naturen sine premisser og med minst mogleg tap av norsk natur. Energiøkonomisering og andre energitiltak utan store naturinngrep må realiserast framfor bygging av nye vindkraftanlegg. Naturen må vektleggast i langt større grad for å oppnå berekraft bruk av areal.

Kilder: